

**GISKE KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKALLING**

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Måndag 08.10.2018 kl. 13.00 på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- |           |                                                                   |
|-----------|-------------------------------------------------------------------|
| Sak 13/18 | Godkjenning av møtebok frå møte 09.05.2018                        |
| Sak 14/18 | Rekneskapsrevisjon 2017 Giske kommune – oppfølging av enkelttema. |
| Sak 15/18 | Budsjettforslag 2019 for Giske kontrollutval.                     |
| Sak 16/18 | Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.          |
| Sak 17/18 | Oppfølging av sak 12/18 Tilsynsførar funksjonen i barnevernet.    |

Eventuelt

Gunnar Morsund  
leiar  
(sign.)

## **Sak 13/18 Godkjenning av møtebok frå møte 09.05.2018**

### **KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 09.05.2018 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Gunnar Morsund

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Dag Oksnes, Arnfinn Rune Giske og Bjørn Tunheim (vara)

Karin Kalvø Giske hadde meldt forfall.

#### **= 5 voterande**

Frå administrasjonen møtte rådmann Marit Larsen på deler av møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Svein Ove Otterlei og oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent.

---

### **SAK 07/18**

#### **Godkjenning av møtebok frå møte 05. februar 2018**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 05. februar 2018 blir godkjent.

## **SAK 08/18**

### **Årsmelding 2017 – Giske kommune.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

#### **Sekretariatets innstilling til vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Giske kommune til orientering.

**Leiar Gunnar Morsund fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande punkt 2:**  
**Kontrollutvalet ber administrasjonen utarbeide ein kortversjon av Årsmeldinga 2017 i papirformat som kan delast ut til innbyggerane etter behov.**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Giske kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber administrasjonen utarbeide ein kortversjon av Årsmeldinga 2017 i papirformat som kan delast ut til innbyggerane etter behov.

---

## **SAK 09/18**

### **Årsrekneskap 2017 – Giske kommune.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:**

1. Giske kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på meirforbruk innanfor Rammeområde 3, fellesutgifter – fellesinntekter, i høve til regulert budsjett.

---

## **SAK 10/18**

### **Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**SAK 11/18****Eigarskapsmelding av ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøelskap IKS). Kunnskapsdeling med Giske kommune.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**SAK 12/18****Oppfølging av sak 2/18. Forslag på skisse til å undersøkje «tilsynsførar» funksjonen i barnevernet i Giske kommune.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet i Giske vedtek å gjennomføre ein rapport innanfor tilsynsfører funksjonen i barnevernet i tråd med saksutgreiinga.

---

Møtet ble avslutta kl. 15.40

|                |            |                      |                   |               |
|----------------|------------|----------------------|-------------------|---------------|
| Gunnar Morsund | Dag Oksnes | Anne Lise H. Følsvik | Anfinn Rune Giske | Bjørn Tunheim |
| leiar          | nest leiar | medlem               | medlem            | varamedlem    |
| (sign.)        | (sign.)    | (sign.)              | (sign.)           | (sign.)       |

## **Sak 14/18 Rekneskapsrevisjon 2017 Giske kommune – oppfølging av enkelttema.**

*Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3, datert 28. august 2018; Rekneskapsrevisjon 2017 – Giske kommune.*

### **Bakgrunn:**

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapen, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

**På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Mottakarakar:  
Giske kontrollutval  
Rådmannen i Giske kommune

Vår sakshandsamar:

Vår dato:  
28.08.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

## **Rekneskapsrevisjon 2017 – Giske kommune**

Komrev3 IKS har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2017 for Giske kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

### Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp

Vi har gjennomført ein stikkprøvekontroll av offentlege innkjøp over nasjonal terskelverdi. Vi har gått ut frå innkjøp over ein 4-års periode der innkjøpa har vore over kr 500.000/1,1 million frå same leverandør.

Det vart plukka ut 14 leverandørar. For dei fleste av dei utplukka leverandørane var der ulike avvik i forhold til regelverket for offentlege innkjøp. For fleire leverandørar manglar det

rammeavtalar. I stor grad gjeld dette vedlikehald, reparasjonar og ulike oppgåver det hastar med, men der beløpa tilseier at ein skulle hatt ein rammeavtale. Også protokollføring manglar i fleire tilfelle.

Iflg. opplysningar blir det innhenta pristilbod frå fleire leverandørar sjølv om protokollføringa og dokumentasjonen på dette er mangelfull.

Med omsyn til rammeavtaler er dette noko kommunen arbeider med, og har som mål at dette skal vere på plass i løpet av inneverande år.

#### Skiljet drift/investering

Revisjonen har gått gjennom investeringsrekneskapen for 2017 og har i e-post gjort nokre merknader og stilt nokre spørsmål. Skiljet mellom drift og investering kan vere vanskeleg og ofte er det skjønn som må leggjast til grunn.

I svar på e-posten er det opplyst at det er gjort nokre korrigeringar, og elles er det gitt utfyllande informasjon i forhold til spørsmåla som er stilt.

#### Bruk av kontantkasser

Bruk av kontantkasser er avgrensa så langt råd er. Det daglige ansvar for kassen er lagt til fellesfunksjonen/servicetorget. Kassebeholdninga blir oppbevart i låst safe v/fellesseksjonen. Det er dei som arbeider ved servicekontoret som har ansvar for kontantkassen. Det blir foretatt dokumentert telling/avstemming av kassen i samband med overtakelsen av kasseansvaret. Alle har kasseansvar i løpet av ei veke. Det blir kun foretatt innbetalinger over kassen. Det blir ført kassabok, og kasserer kan ikkje foreta registrering i rekneskapen. Kassa blir talt kvar fredag samt siste dag i kvar månad. På slutten av veka skal det vere ei (fast)kassebeholdning på kr 2 000,-, det overskytande blir sett i banken.

#### Sjølvkostområdet vatn og avløp

Kommunen har inngått ein avtale med Momentum Selvkost AS om bruk av deira berekningsmodell for å kontrollere at sjølvkostberekningane er i samsvar med dei retningslinjene som kommunaldepartementet gir i rundskriv H-3/14 for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstjenester.

For 2017 er det kontrollert at det er samsvar mellom Momentum sine rapporter og det som framgår av rekneskapen, at overskot/underskot på områda stemmer med det som er ført i rekneskapen og at dette er ført på sjølvkostfonda. Det er kontrollert at det er samsvar mellom sjølvkostfonda pr. 31.12 i Momentum sine rapporter og det som er ført i rekneskapen.

#### Lønnsområdet – test av kontrollar

Revisjonen har testa at kommunen si avstemming av lønn mot regnskap fungerer.

Kontrollen bidrar til å sikre at det er samsvar mellom det som blir innberetta i følge lønssystem og det som blir bokført i rekneskapen. Kontrollen sikrer også at det er betalt skattetrekk og arbeidsgiveravgift i samsvar med det som er innberetta.

Kontrollen sikrer at det som blir ført i lønssystemet stemmer med bokført i rekneskapen. Det er foretatt både test og substanshandling som viser at denne kontrollen fungerer tilfredsstillande.

Det er også foretatt ein test av kommunen sine rutiner når det gjeld registrering og utbetaling av lønn. Det er konkludert med at rutinene fungerer tilfredsstillande.

Med helsing



Knut G. Alnes  
oppdragsansvarleg revisor



Mari Ann Yndestad  
revisjonsmedarbeidar



## **Sak 15/18 Budsjettforslag 2019 for Giske kontrollutval.**

### **VEDKOMANDE BUDSJETT 2019 – GISKE KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Giske kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Stordal kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 16/18 Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

*Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. septembar 2018.*

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggst fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

Giske kontrollutval

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
10.09.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

### Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
  - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
  - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
  - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
  - *Johs Aspehaug, styreleiar*
  - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*  
*«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»*
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med dette vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

**Postadresse:**  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse:**  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
**Epost:**  
komrev3@komrev3.no

**Telefon:**  
70 17 21 50  
**Foretaksregisteret:**  
NO 971 562 587

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
  - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*
  - *Styrets leder i MRR*
  - *Daglig leder i MRR*
  - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

*Representanter:*


*Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara*

*Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara*

*Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara*

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing



Kurt Løvoll

konst. dagleg leiar

**Sak 17/18      Oppfølging av sak 12/18 Tilsynsfører funksjonen i barnevernet.**

Bakgrunn:

Giske kontrollutval gjorde i sitt møte 9. mai i sak 12/18 fylgjande vedtak:

Gjennomføring

*Sekretariatet tek sikte på rette skriftelege førespurnader til rådmannen og eventuelt gjennomføre møte om ein finn det nødvendig.*

*Ein rapport som framstiller den informasjonen som blir henta inn vil ligge føre ved utgangen av oktober 2018.*

*Kontrollutvalet i Giske vedtek å gjennomføre ein rapport innanfor tilsynsfører funksjonen i barnevernet i tråd med saksutgreiinga.*

Status pr 1. oktober 2018:

Det har dessverre vist seg vanskeleg å få innpass i kommunen sin administrasjon i denne saka. 14. september mottok sekretariatet eit brev frå einingsleigar som beklaget manglande tilbakemeldingar og oppfølging. Vedlagt var også halvårsrapporten som var send Fylkesmann for rapportering. Her blir det stadfesta at Giske kommune dessverre ikkje har betring når det gjeld tilsynsansvaret når det gjeld barn plassert i fosterheim i kommunen. Det er ikkje oppfylt tilsynsansvar i 4 av 9 saker, men noko skuldast manglande innsend dokumentasjon på oppdrag innan fristen.

Det blir også slått fast i brevet frå kommunen at arbeidt med å forbetre dette vil vere på plass når ny barnevernleiar er på plass. I telefonsamtale med rådmann Sindre Røsvik 1. oktober blei det opplyst at dette er i desse dagar.

Mi tilråding til kontrollutvalet i Giske er at det vidare arbeidt med rapport jfr. Sak 12/18 avventes til ny leiar i barnevernet er på plass.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar